

## **Vedlegg til søknad :**

Gjennom 2018 skal vi dokumentera «Sildens» si historie gjennom følgende tidslinje:

Bygginga av rogvavlen i eit naust i Harand i Hardanger. Vi vil vitja eit lokalt lite museum der vi skal leita etter båtbyggaren. Båten vert bygd rundt 1930.

Vi vil følgja «Silden» til Nautnes der det notlaget som bestilte båten kjem frå. Vi vil oppsøka lokalkjende for å finna det naustet der «Silden» sto da Ole Lundal henta den rundt 1953.

Vi skal til Nordre Haugland på Askøy der Ole Lundal bodde og hadde sin base. Vi skal snakka med med sonen og dattera hans. Er vi heldig får vi og snakka med Ole sin kona på godt over 90 år.

Gjennom intervju med personar som var mannskap om bord under silde- og brisling fiske, vil vi få vite korleis båten vart rigga for dette fisket og korleis arbeidet om bord vart organisert.

Vi skal oppsøka Hjelmås i Lindås der båten fekk installert den første motoren. Vi skal finne ut kva Ole Lundal gjorde med båten for å gjera den klar for det dette fisket.

Da det gode silde- og brislingfisket tok slutt midt på 1960 talet snudde Ole Lundal seg rundt og søkte om lov til å driva skuleskyssrute mellom veglause bygder nordaust på Askøy. Vi skal søka opp båten sitt passasjersertifikater, og de inspeksjonar som måtte gjennomførast for å beholde det. Skuleskyssen skal gjenskapast.

Rundt 1968 fekk grendene veg og «Silden» blei satt inn i rutetrafikk mellom Skansen-Herdla og Upso for Askøy-Bergen rutelag. Vi skal gjenskapa ruta.

«Silden» var sentral i to broprosjekt. I 1968 ved bygginga av broa til Hedla. Båten frakta folk over Herdlasundet. I 1969 vart båten med på bygginga av Sotrabraua. Vi vil prøva å dokumentera at «Silden» dro den første brokabelen frå fastlandet til Sotra.

Etter broarbeidet ble båten i 1972 solgt til ein bonde på Ask. Han gjekk til Torget i Bergen med grønnsaker. Vi vil gjenskapa torgturane.

I nokre år lå båten uvirksam på Berland, fram til Askøystrilane ( revy /musikk gruppe) overtok han. Dei og Askøybelgen nytta båten da dei skulle på turne.

Vi skal dokumentera det restaureringsarbeidet som blei utført tidleg på 2000 talet, som førte fram til at båten blei den best restaurerte ved Torgdagen i 2008.

I dag er «Silden» i Askøy kystlag sitt eige.

Utover i 2019 vil vi redigera det materialet i ord og bilete som er samle inn. Vi er to personar i laget som skal gjera det meste av arbeidet. Ein har lang erfaring som TV fotograf / journalist, den andre har drive mykje med slektsgransking. Eit bredt spekter av andre personar vil og delta.